



Skyldskifte

Laur dag den 3. juli 19.76 heldt me underskrivne, som er oppnemnde av lensmannen, skyldskifte på garden Moldekleiv gr.nr. 27 br. nr. 3 med skyld mark 1,88 Meland herad. Bernhard Sunnhordvik har kravt skyldskifte og har grunnboksheimel til egedomen.¹⁾ Oppnemninga av skyldskiftemennene ligg ved. Dei har gjeve skjønsmannslovnad så nær som²⁾

Ved tenesta møtte Dei av lensmannen oppnemnde skyldskiftemenn. Som seljar møtte Bernhard Sunnhordvik og søm kjøpar møtte Steinar Sunnhordvik.

Av grannane³⁾ Berge Tveito. Til formann vart vald Magne Askeland

Opplysningar om den/dei part/partar av egedomen som er fråskild:

- Vidd: Dyrka jord dekar, naturleg eng og kulturbeite dekar, produktiv skog dekar, anna vidde 1,9 dekar — i alt 1,9 dekar.
- Grensene⁴⁾ til den/dei fråskilde part/partar: Grensa tek til i parseilen sitt nordre hjørna og går i vestleg leid 25,5 m. til grensa med bnr. 22, fylgjer dette bruks merkeslina 13 m. til merkestein, vinklar og går i søraustleg leid 51 m. til kross i berg. Herfrå går grensa 38,50 m. i nordaustleg leid til kross i berg, vinklar og går i nordvestleg leid 51 m. attende til staden ein gjekk ut i frå.

Parsellen ligg meir enn 100 m. frå strandlina.

- Utan at den som har kravt skyldskifte har grunnboksheimel, eller det er sagt dom for at han eig den fråskilde egedomen, kan ikkje skyldskiftet godtakast til tinglysing. (§ 1 i lov om skyldskifte.)
- Er det nokon av skyldskiftemennene som ikkje har gjeve lovnad som er nemnt i § 20 i lov nr. 1 frå 1917, skal han før tenesta tek til skriva under ei fråsegn med denne ordlyden: «Eg lovar at eg i alle sakar vil gjera tenesta mi som skjønsmann samvitsfullt og etter beste overtyding den 19. (underskrift.) Denne fråsegna skal sendast til sorenskrivaren saman med skyldskiftedokumenta.
- Er det nokon av grannane eller partane i skyldskiftet som ikkje møter, må ein her skriva om det er prova at dei er varsla. Like eins om det er grannar ein har funne det uturvande å varsla (§§ 2 og 8 i skyldskiftelova).
- Sjå §§ 3 og 8 i skyldskiftelova. Ein skal ikkje skriva grensene mot granneeigedomen utan at eigaren er til stades og samtykkjer i det som vert skriva. Har det nokon av partane kravt at skyldskiftemennene skal avgjera sjølve markeskilet, samstundes med skyldskiftet, (§ 7 i lova), må dei her skriva det som trengst. Det må ikkje skipast bruksrett eller servitutt i skyldskiftet, utan at heftet er vedteke skriftleg av den som har grunnboksheimel til den egedomen heftet gjeld (§ 5 i lova).